Jondal, 18.11.13.

Tor Carlsen
Konsesjonsavdelinga NVE.

Takk så mykje for vitjinga dykkar på
garden vår i samband med synfaring av
eventuell utbygging i Krossdalselva slik det
er skissert i planane frå Blåfall A/S.
Det vart då opplyst at me (eg) kunne senda
inn uttale i ettertid av synfaringa - som
eg no er så fri å gjera.
Eg legg ved eit bilete av Laubruforsen,
der det på øvresida er planlagt basseng
med inngang til tunellen. Biletet er truleg
teke i 1930-åra eller sist i 1920-åra - i den
tid då turistane bruka syklar til å komme
seg fram på lokale grusvegar. Biletet er
teke sommarstid med normal vassføring.
Det var denne forsen turistane fyrst
møtte ved inngangen til Øvre Krossdalen,
som då var eigen skulekrins, der eg har
gått alle mine skuleår i barneskulen der.
Og sjølve elva, særleg nedanfor forsen,
vekkjer mange minne i meg frå opp-
vekståra, med fiskeplassar, slipesteinar
og to kvednar. Eg sat mang ein gong
med slipesteinen vår og slipte i vasdru
frå kadlen. Og eg var med far min og

mol i mörke kvedar i krigsåra, i redsle
for at nazistane skulle oppdaga "brotsverka".
Kvednsteinane vart plomberte med raud
lakk, som berre vart brotne, og lagt på
plass att etter bruk. Etter kvart stoppa nazis-
tane all bruk av kvedna.
At fiske hadde verdi sommarstid er
nærmast sjølsagt. Det hadde verdi til
hushaldet i den tid. No har fiske først
og fremst verdi i turistsamanheng, og for
oss som bur litt i den bransjen vil nok til-
bod om fiskeplassar vera eitt pluss.
I historisk samanheng har eg no lagt vekt
på kulturelle sider i det som var. Då vil det
vel vera rett å ta fram nokre reelle og aktu-
elle problemstillingar som eg tykkjer bør
markerast.
I 1970-åra og framover gjekk det føre seg
store vassdragsutbyggingar oppe i fjellavære.
Denne utbygginga såg me positivt på. Landet
vårt treng meir energi. Og utbygginga gjaldt
område med lite ferdsel. Idag hadde det
vorte endå mindre ferdsel dersom anleggs-
vegar ikkje hadde vorte vedlikehaldt. Og
sjølv om vassføringa minka med 85% - etter
det eg har forstått - var inngrepa til å leva med.
Den utbygginga det no er lagt opp til, grip
inn på ein heilt annan måte. Det vil skje
midt i bygda vår, der me går dagleg gard

i mellom. Landbruksforma og dei varierte omgjevnadene har vore inngangsporten til bygda vår – eit levande bygdesamfunn. Ei eventuell utlegging som er lagt opp til, vil bygda sjølve sceneriet av det som har vore karakteristisk i landskapet.

Venleg helsing Trygve Fråkenk

5627 Jondal

Ps. Eg ville vore takksam om de såg dykk til å returnera vedlagde bilete!